



Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Bjarte Alvær

Kyrkjevegen 18 A
5911 ALVERSUND

Dykkar ref.

Sakshandsamar:

Benjamin Stephen Hugo
Hicks

Vår ref.

2012/1444 - 1 -
18525/2012

Telefon

56375000

Arkivkode:

137/687

Dato:

24.07.2012

Varsel om pålegg om tilknytning til offentlig kloakkanlegg og opphør av bruk av oppført bustad - gbnr 137/687 - Alver

På grunnlag av vårt brev av 31.01.2005 og manglande bruksløyve/ferdigattest for oppført bustad, vert det ved dette brevet varsla om at kommunen vurderar å gje pålegg om 2 forskjellige forhold på eigedomen. Dette er:

- a) pålegg om tilknytning til offentlig kloakkanlegg og innsending av naudsynte søknader og dokumenter knytt til dette
- b) pålegg om innstilling av bruk alternativt innsending av bruksløyve/ferdigattest for oppført bustad

Historikk og heimelsgrunnlag

- Om tilkoplingsplikt, jf. bokstav a over:

Det vert vist til brev av 20.01.2005 og 31.01.2005 der det vart gjeve mellombels løyve til bruk av etablert avløpsanlegg til 01.01.2008. Det går fram av det siste skrivet at "Etter denne dato skal eigedomen vera knytt til offentlig anlegg." Kommunen vurderer å gi pålegg med heimel i pbl § 27-2, 3. og vilkår i rammeløyve av 13.08.2004 om å krevje bustaden kopla til offentlig anlegg.

- Om retting/innstilling av bruk, jf. bokstav b over:

Etter det vi kan sjå er det ikkje gitt bruksløyve eller ferdigattest for bustaden. Opplysningar frå folkeregisteret tyder på at bustaden vart teken i bruk den 05.01.2006 utan løyve.

Frister

Det vert gjeve frist for retting/innsending av søknad for overnemnde tiltak:

1. Frist for å innstille bruk (retting) av bustaden vert sett til **15.09.2012**. Det skal **dokumenterast** at retting er utført innan fristen. Det kan alternativt sendast inn søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest innan fristen for retting. Dersom søknaden ikkje vert teken til følge, ligg det føre eit tilhøve i strid med pbl. Dersom de meiner at tilhøva ikkje er ulovlege, ber vi om tilbakemelding om det og dokumentasjon for eventuelle løyve.
2. Frist for innsending av søknad med naudsynte dokument for påkopling til offentlig kloakkanlegg vert sett til **15.09.2012**. Innsending av søknaden må gjerast av eit fagleg kvalifisert føretak.
3. Vi ber at merknader til førehandsvarselet vert sendt kommunen innan **01.09.2012**, jf. pbl § 32-2, første ledd og forvaltningslova (fvl) § 16.



I pbl § 32-3 står det:

"Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven, kan plan- og bygningsmyndighetene gi den ansvarlige pålegg om retting av det ulovlige forhold, opphør av bruk og forbud mot fortsatt virksomhet, samt stansing av arbeidet.

Ved utferdigelse av pålegg skal det settes frist for oppfyllelse.

Samtidig med utferdigelsen av pålegg kan det fastsettes tvangsmulkt. Ved utferdigelsen av pålegg gis opplysning om at pålegget vil kunne følges opp med forelegg som kan få virkning som rettskraftig dom.

Endelig pålegg kan tinglyses som en heftelse på den aktuelle eiendom."


Dersom dei ulovlege forholda ikkje er retta og søknad om påkopling ikkje er sendt inn innan fastsett frist, vil kommunen vurdere å gje pålegg om retting/opphøyr av bruk i medhald av pbl § 32-3. Saman med eit eventuelt vedtak om pålegg om retting, kan kommunen gi tvangsmulkt etter pbl § 32-5, jf. § 32-3, 3. ledd. Dette kan gjerast utan vidare varsel.


Det vert gjeve ein eingongsmulkt på min. kr 10.000. Eingongsmulkta vil løpe frå og med fristoverskriding for retting gitt i pålegget. Det vert også gjeve dagsmulkt på min. kr 200. Dagsmulkta vil løpe frå og med fristoverskriding for retting gitt i pålegget og vare inntil pålegget **er stetta**.

Dersom eit eventuelt pålegg ikkje vert følgt, kan kommunen utferde førelegg etter pbl § 32-6. Et slikt førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglene for dommar, jf. § 32-7.

Vi opplyser elles om at brot på plan- og bygningslova kan medføre straffeansvar, jf. pbl § 32-9. Kommunen vil vurdere om det er grunnlag for å melde saka til politiet.

Med helsing


Einar Urheim
fagleiar byggesak


Benjamin Hicks
rådgjevar